



REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I HORDALAND UNGDOMSLAG 2021

Åsatun, 27.februar 2022, kl. 12.00

Frammøtte:

Styret: (flatt)

Øystein Rambjørg (Strilaringen)

Lisbeth T Liland (Fana UI)

Hilde Jordahl (Åsane UI)

Oddrun E Larsen (Strilaringen)

Lokallagsutsendingar:

Borghild M Opdal (Bergen ul Ervingen)

Marit Kvamen -«-

Renathe Nilsen -«-

Gunn Inger Sture -«-

Eli Randmo -«-

Christoffer Knagenhjelm, Sogn og fjordane UI (SOFUL)/NU

Halvor Røyset (Revisor) Bergen ul Ervingen

Øystein ønskte alle velkommen til årsmøte, spesielt til Christoffer Knagenhjelm som starta møte med å orientera om mulighet for eit samarbeidsprosjekt mellom SOFUL og HU. Tanken er å tilsetja ein person som skal jobba for begge fylkeslaga. Personen vert lønna via NU som tek seg av skattetrekk og arbeidsgivar avg. Fylkeslaga får så ein faktura frå NU. Christoffer orienterte om alt som må gjeras i eit fylkeslag for å få jula til å gå rundt.

Sak1. Opning/konstituering:

Innkallinga vart godkjent.

Saklista vart godkjent.

Ordstyrar: Christoffer Knagenhjelm

Skrivar: Oddrun E Larsen

Teljekorps: oppnemnd ved behov.

2 protokollunderskrivarar: Borghild M Opdal og Marit Kvamen.

Redaksjonsnemnd vert oppretta ved behov.

Ingen fullmakter til godkjenning.

Presentasjonsrunde.

Sak 2. Årsmeldingar:

Årsmeldinga for Hordaland Ungdomslag vart gått gjennom på Årsmøte.

Innspel 1: Retting til side 7: retting av nedgangen ang. medlemstal. Ikkje 380, men 360 ferre medlemar enn året før.

Innspel 2: Ang. samarbeid mellom HU, SOFUL og Ung Osa om å få til eit Fylkesstemna for Born, vart det lagt ned ein god del arbeid. Prosjektet fekk SKT midlar til eit kurs for foreldre. På grunn av få påmelde kom kurset ikkje i gang. Eit lag frå SOFUL deltok (Fjærland UL) ingen frå HU.

Revisor etterlyste referat frå dei to føregåande årsmøta då det var spørsmål om dei kunne kallast årsmøte då det berre var styret som deltok og ingen lokallag. Det vart bekrefta at det vart skreve referat frå begge årsmøta og at referata har vorten sendt til lokallaga og NU samt Fylkeskommunen.. Det vart og kommentert at referata ikkje har vorten lagt ut på heimesida til HU. Det skal HU få hjelp til å utføra.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding 2021 for Hordaland ungdomslag med dei endringar som kom fram under handsaminga. Godkjent.

Sak 3 Rekneskap:

Rekneskapen for HU for 2021 er ført av frivillig rekneskapsførar, og det er laga ein rekneskap. Rekneskapsførar har fått siste valde revisor til å revidere han. Rekneskapen for Hordaland Ungdomslag 2021 vart utlevert på årsmøtet. Revisor etterlyste føljande: verdien av lutane til Det Vestnorske Teateret under posten andre omløpsmidlar. Og det at Eigenkapitalen var uendra frå 2020 til 2021. Revisor lurte og på posten «kundefordringar» og kva det kunne vera. Då ingen i styret kunne svara på dette vart årsmøtet einig om at det må sjekkast ut.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for Hordaland Ungdomslag og tek revisjonsmeldinga til vitande, men balansen må avstemmest på ny.

Sak 4 Nedlegging av Hordaland Ungdomslag.

Dei siste 3 – 4 åra har det vore liten eller ingen kommunikasjon mellom lokallaga og fylkeslaget. I 2020 reiste Oddrun E. Larsen til NU-kontoret i Oslo for å søkja litt hjelp og rettleiing om korleis me skulle jobba for å få lokallaga i tale. Dette vart eit nedslående møte, då NU berre kom med negative kommentarar.

I byrjinga av 2021 skreiv HU-styret eit brev, som vart sendt ut til alle medlemene via Hypersys, utan å få ein einaste respons.

Styret har i fleire år kjempa for å få nye ”kostar” inn i styret utan hell. Ingen frå lokallaga har møtt på årsmøta dei 2 siste åra.

Berre eitt lokallag har respondert etter at årets årsmøteinnkalling vart sendt ut. Ingen kommentar frå NU.

Årsmøte gjorde ei grundig drøfting av saka, og utsendingane ville ikkje at fylkeslaget skulle leggast ned. Dei 5 utsendingane frå Bergen ul Ervingen bad så om ein liten pause i årsmøte slik at dei fekk tid til å rådslå seg imellom. Dei kom så fram til eit alternativt framlegg til vedtak.

Fyljande to framlegg til vedtak vart lagt fram for årsmøte:

1 Styret sitt framlegg:

Dersom ingen nye tillitsvalte vil drive fylkeslaget vidare, vil det sitjande styret setje i gang ein avvikling av laget innan 6 månader, jf. § 7 i HU si lov.

2.Bergen Ul Ervingen sitt framlegg til vedtak:

Tre representantar frå Bergen ul Ervingen skal kartleggja grunnlaget for vidare drift av fylkeslaget, og kalla inn til omframt årsmøte når dette er klart.

Bergen ul Ervingen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 5 Arbeidsprogram 2023:

Framlegg til arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2023 er sendt ut i sakspapira til deltakarane. Arbeidsprogrammet har etter styret si meining eit realistisk omfang. Dette også sett i forhold til dei smittevern tiltak og følgjer Covid-19 pandemien har medført for våre lokallag sine aktivitetar.

Sidan tilskotsordningane for driftstilskot hjå Vestland fylkeskommune krev arbeidsprogram m.m. for neste år ved digital utfylling av søknad, så må me i år ta stilling til arbeidsprogrammet for komande år på dette årsmøtet.

Årsmøtet drøfta saka kort og la fram eit revidert framlegg til vedtak.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Årsmøte vedtek arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2023

Årsmøte sitt framlegg til vedtak:

Årsmøte tek arbeidsprogrammet for Hordaland Ungdomslag 2023 til vitande.
Dette vart samrøystes vedteke.

Sak 6 Medlemspengar 2024:

Etter påverknad og rådgjeving med NU vart satsane for medlemspengar endra på årsmøtet i 2020, men etter informasjon om dei faktiske forholda angåande dei andre fylkeslaga sine medlemkontingentordningar motteke på seinare lands- og landsrådsmøte, var ikkje HU sine satsar likevel så urimelege. Styret har i denne saka vurdert det som viktig at me framleis skal vere meir på linje med dei andre fylkeslaga når det gjeld medlemspengar, og sidan ein reduserte dei ein god del ned i 2020, vil styret gå inn for uendra satsar for 2024.

Vedtak: Medlemspengar for 2023 vert sett til kr 40 for vaksne og kr 20 for born og ungdom.
Samrøystes vedteke

Sak 7 Budsjett 2023:

Framlegg til budsjett for Hordaland Ungdomslag 2023 vert delt ut på årsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjett for Hordaland Ungdomslag 2023, men gjev samstundes styre fullmakt til å kunne gjera endringar innanfor budsjettramma.

Sak 8 Fråsegner:

Framlegg til fråsegn frå Bergen ul Ervingen: « Årsmøte i Hordaland støtter styret i Hordaland Ungdomslag si uttale om lovendringsfzorslag i NU. Årsmøte vedtek at HU sine utsendingar på landsmøte i NU stemmer i tråd med uttala frå HU»

Vedtak: fråsegna frå Bergen ul Ervingen vart samrøystes vedteke.

Sak 10 Innkomne saker:

Ingen innkomne saker.

Sak 9 Val 2021:

STYRET		Lokallag
Leiar		
1 Borghild M Opdahl	Ny – 1 år	Bergen ul Ervingen
Styremedlem – 4 personar		
2 Marit Kvamen	Ny – 2 år	Bergen ul Ervingen
3 Gunn Inger Sture	Ny – 2 år	Bergen ul Ervingen
4	Ny – 1 år	
5	Ny – 1 år	
Barn og ungdom:		
Varamedlem – 2 personar		
6	Ny – 1 år	

BARNE- OG UNGDOMSNEMNDA (medlemer i aldersgruppa: 14 – 26 år)		Lokallag
Leiar		
	Ny – 1 år	
Medlem – 2 personar		
7	Ny – 1 år	
8	Ny – 2 år	
Varamedlem – 1 person		
9	Ny – 1 år	
HARDANGER FOLKEMUSIKKSAMLING		Lokallag
Medlem – 1 person		
Øystein Rambjørg	Ny – 2 år	Strilaringen
Varamedlem – 1 person		
11	Ny – 1 år	
Fagkomité for folkemusikkstipend i Vestland fylke		Lokallag
Medlem – 1 person		
12 Øystein Rambjørg	Ny – 2 år	Strilaringen
Representant i rådet i hardingfela.no (administrert av Ole Bull Akademiet på Voss)		Lokallag
Medlem – 1 person		

13 Øystein Rambjørg	Ny – 2 år	Strilaringen
Representant i Studieforbundet kultur & trad. Vestland		Lokallag
Medlem – 1 person		
14 Oddrun E Larsen	Inntil ny er vald	Strilaringen
ETTERSYNSFOLK		Lokallag
Medlem – 2 personar		
15 Halvor Røyset	Attval – 1 år	Bergen ul Ervingen
16	Ny – 2 år	
VALNEMND 2021		Krins
Leiar		
17	Ny – 1 år	Bjørgvin? / Nordhordland? / Sunnhordland?
Medlem – 2 personar		
18	Ny – 2 år	Voss?
19	Ny – 2 år	Hardanger/Midhordland? / Indre Hardanger?

Utsendingar til landsmøte i Noregs ungdomslag:


Styret får fullmakt frå årsmøtet til å finne utsendingar.


Vedtak:

Årsmøte gjev styre fullmakt til å utpeika utsendingar til Landsmøte i Noregs Ungdomslag.

Møte slutt kl. 16.00

Oddrun E Larsen
-referent-


Borghild M. Opdahl
Protokollunderskrivar


Marit Kvamen
Protokollunderskrivar